
Saksnr: 2020/57782-12
Saksbehandlar: Bente Øyre

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021

Rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til rammeplanen slik den ligg føre og meiner at den gir eit godt grunnlag for å ivareta omsynet til trafikktryggleik i behandling av saker om avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser langs fylkesvegnettet i Vestland.
2. Fylkesutvalet ber om ei evaluering av rammeplanen i løpet av første halvår i 2023.

Samandrag

Fylkesrådmannen har utarbeidd ein rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser langs fylkesvegnettet. Rammeplanen skal vere ei rettleiing ved sakshandsaming av avkøyrsløsknader og søknader om dispensasjon frå byggegrensa, og skal sikre likebehandling i heile fylket. Det vert lagt opp til ei evaluering av rammeplanen i løpet av første halvår 2023 og elles ei rullering av rammeplanen kvart 4. år.

Rammeplanen er eit nyttig hjelpemiddel og ein viktig rettleiar for sakshandsaming innan dette forvaltningsområdet. Fylkesrådmannen legg i denne saka fram rammeplanen til politisk handsaming.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Statens vegvesen Region vest sin *Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest*, har vore eit nyttig hjelpemiddel for sakshandsamarar innan desse forvaltningsområda og som rettleiing for kommunane.

«Rammeplan 2012 - 2016 for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegane i region vest» var til politisk handsaming i både Hordaland og Sogn og Fjordane. I Hordaland var saka handsama som sak 54/13 i samferdselsutvalet 05.06.13 og i fylkesutvalet 20.06.13 som sak 167/13. I Sogn og Fjordane var rammeplanen til politisk handsaming i hovudutval for samferdsle 18.06.13 i sak 27/13. Ved rullering av planen i 2017, var den ikkje til politisk handsaming, men godkjent administrativt av fylkeskommunane.

Vestland fylkeskommune har på grunnlag av Statens vegvesen Region vest sin rammeplan no utarbeidd ein rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser langs fylkesvegnettet i Vestland. Rammeplanen skal vere ei rettleiing ved sakshandsaming av avkøyrsløknader og søknader om dispensasjon frå byggegrensa, og skal bidra til eins praksis i heile fylket. Det vert lagt opp til ei evaluering i første halvår 2023 og elles ei rullering av rammeplanen kvart 4. år.

Bruk av rammeplanen

Byggegrensena langs fylkesveg er 50 m, der anna ikkje er fastsett jf. veglova §29. Rammeplanen fastset ikkje nye byggegrenser - den er ein rettleiar for korleis ein skal forhalde seg til søknader om dispensasjon frå gjeldande byggegrenser. For alle planlagde tiltak innanfor gjeldande byggegrenser må det søkjast om dispensasjon.

Rammeplanen er eit verktøy for handsaming av enkeltsaker om byggjegranser og avkøyrslar etter veglova §§ 29-30 og §§ 40-43. Den skal gje fylkesrådmannen høve til å vurdere saker likt i Vestland fylke. Rammeplanen gir føringar for kva haldning som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkøyrslar- og byggjegransesaker. Kommunar og søkjarar skal og kunne nytte rammeplanen til å finne ut kva dei kan forvente av haldning frå fylkeskommunen ved etablering langs vegnettet.

Det har vore ulik praksis i bruk av Statens vegvesen sin rammeplan i tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane. I Hordaland har rammeplanen vore nytta som ein rettleiar i sakshandsaminga. I Sogn og Fjordane har rammeplanen blitt nytta som om haldningsklassane for dispensasjonar frå byggegrenser, var vedtekne byggjegranser. Veglova § 29 gir opning for å fastsette andre byggegrenser langs særskilte strekningar, men rammeplanen og haldningsklassane er ikkje vedteken i tråd med dette. Det er difor usikkert om sakshandsaming knytt til dispensasjonar frå byggegrenser i Sogn og Fjordane, har vore heilt i tråd med veglova.

Fylkesrådmannen ser det difor som viktig å få ei politisk handsaming av rammeplanen for å skape ei felles forståing og haldning til bruk av rammeplanen.

Om det seinare skulle bli ønskjeleg å fastsette andre byggegrenser enn dei som kjem av veglova, må det lagast eit saksgrunnlag for dette i tråd med veglova § 29, før dette vert lagt fram som ei eiga sak for politisk handsaming og vedtak.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet kan etter delegeringsreglementet pkt. 2.1.7 ta avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

Vurderingar og verknader

- Økonomi: Ingen verknad
- Klima: Ingen verknad
- Folkehelse: Ingen verknad
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ingen verknad

Rammeplan for Vestland fylke

Rammeplanen skal bidra til meir einskapleg praksis i sakshandsaming av søknader om avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser.

Rammeplanen består av ein rettleiar som skildrar dei ulike haldningsklassane, og ei kartløyising som viser kva haldningsklassar som gjeld for dei ulike vegstrekningane. Kartløyisinga [Haldningsklassar - etter høyring](#) viser endringar i handlingsklasse, og er oppdatert etter høyringsrunde. Endeleg kartløyising over haldningsklassar vert gjort tilgjengeleg for bruk for sakshandsamarar og andre etter at rammeplanen er politisk handsama. Gjeldande kartløyising for rammeplan 2017-2020 finn de her: [Haldningsklassar for rammeplan 2017-2020](#).

I rammeplanen er fylkesvegnettet delt inn i følgjande fire haldningsklassar:

- Meget streng haldning (raud)
- Streng haldning (gul)
- Mindre streng haldning (blå)
- Lite streng haldning (grøn)

Ved utarbeiding av rammeplanen for Vestland fylke, er det gjort ei ny vurdering av fylkesvegnettet og kva haldningsklasse som bør vere gjeldande for dei ulike strekningane. Det vart vurdert som naudsynt å endre haldningsklasse for enkelte strekningar for m.a. å få vegar som er omlag like i forhold til funksjon, plassering og bruk, i same haldningsklasse.

Vestland fylkeskommune sende utkast til rammeplan på høyring 3. november 2020 til alle kommunane i Vestland, Statens vegvesen og Fylkesmannen (no Statsforvaltaren) i Vestland. Høyringsfrist var satt til 20. desember, men vart etter ønske forlenga til 7. januar 2021.

Det kom inn 5 innspel i høyringsperioden. Desse har gitt innspel:

- Statens vegvesen
- Stord kommune
- Gloppen kommune
- Bremanger kommune
- Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren melde at dei ikkje hadde fråsegn i denne saka.

Høyringsinnspela er vurderte og det er gjort enkelte endringar i haldningsklasse. Endringane gjeld både endring til strengare haldningsklasse for nokre strekningar og endring til mindre streng haldning for andre strekningar. Endringane er gjort på grunnlag av vegen sin funksjon i dag og venta utvikling i området. Det er og strekningar der det er vurdert å ikkje endre haldningsklasse på tross av innspel om dette. Bakgrunn for ikkje å endre haldningsklasse, er ei vurdering knytt til vegen sin funksjon samanlikna med andre vegar med tilsvarande funksjon.

I tillegg er det gjort nokre korrigeringar/presiseringar i rettleiaren ut frå mottekne innspel.

Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at Vestland fylkeskommune sin rammeplan for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser vil vere eit nyttig hjelpemiddel og ein viktig rettleiar for sakshandsaming innan dette forvaltningsområdet. Rammeplanen gir vidare eit godt grunnlag for både å ivareta omsynet til trafikktryggleik, og sikre lik behandling av saker om avkøyrslar og dispensasjon frå byggegrenser langs fylkesvegnettet i Vestland.